

Norconsult 

## Oppstartsmøte

Skisser og muligheter for 1-10 skule på barneskuletomta i Leikanger



# Presentasjon av arbeidslaget

## Team skulearkitektur, pedagogikk og psykososialt miljø og skuleøkonomi



Sivilarkitekt **Aud Gilberg** er tilbudd som fagansvarleg arkitekt. Ho har meir enn 25 års erfaring frå arkitektkontor, offentlig forvaltning og eigen arkitektpraksis. Prosjekterings erfaring omfattar alle type bygg og prosjektfaser frå programmering og moglegheitsstudie, skisseprosjekt og forprosjekt til utarbeiding av anbodsmateriale, arbeidsteikningar og oppfølging av bygg på byggeplass. Aud har lang og brei erfaring med utvikling av alle typar skoleanlegg og er del av Norconsult si skolesatsing gjennom «Team skole». Ho har spesielt mye erfaring med å leie tidlegfase-opppdrag med moglegheitsstudie og skisseprosjekt – mange av dei med stor relevans i forhold til problemstillingar knytt til dei aktuelle oppgåvene i dette oppdraget.



**Linn Næss** er utdanna landskapsarkitekt, med retning design- og detaljprosjektering frå Universitet for miljø- og biovitenskap (UMB). Ho har 14 års erfaring med arbeid i alle skalaer innan landskapsfaget, frå overordna nivå til detaljprosjektering. Hovudkompetanse innan konseptutvikling, design, forming og detaljprosjektering av uteområde knytt til utdannings- og helsebygg, samt park- og grøntanlegg, bustadfelt og leikeplassar. På overordna nivå har Linn jobba med stadutvikling og stadanalysar, moglegheitsanalysar, landskapsvurderingar, utarbeiding av mindre reguleringsplanar, illustrasjonar for reguleringsplanar, samt byformskisser på kommunedelplan-nivå. I tillegg jobbar Linn med 3d-visualisering, fotomontasjar, grafisk design og layout.



Seniorrådgjevar og senior prosjektleiar **Dan Lysne** har over 30 års erfaring frå skuleplanlegging, analyseutgreiing, utforming og dimensjonering av grunnskulebehov i tidleg-fase. I dei siste 15 åra har han jobba tett på utbyggingsprosjekt i heile landet generelt og for Bergen kommune spesielt. Moglegheitsstudiar, tomteevalueringar, skisseprosjekt og forprosjektfaser for ei rad med skuleutbyggingar rundt. Han er og mykje nytta av fylkeskommunale oppdragsgjevarar i høve innleiande studiar, konsekvensutgreiingar i høve tomteval og funksjonsprogrammering. Dan Lysne er ein nestor i norsk skuleplanleggjarmiljø og var den som fekk skuleplanlegging for alvor inn som fagtema i norsk konsulent- og rådgjevarbransje.



Senior skuleplanleggjar **Terje Gregersen** er tilsett ved avdeling skuleplanlegging og skuleutvikling i Bergen. Terje har god kjennskap til Sogndal kommune gjennom arbeidet med skulebruksplanen førre år. Han har lang erfaring med å leia prosjekt i tidlegfase med lokaliseringmoglegheiter, moglegheitsstudiar kor evaluering etter konsekvensutgreiingsmetodikk står sentralt. Han har leia sær mange medverknadsprosessar med bruk av ulike medverknadsmetodar – frå elevar, personale, føresette, næringsliv og frivillige lag og organisasjonar til politiske organ. Terje er mykje nytta i økonomiske konsekvensar av ulike utbyggingsval – og økonomiske modelleringar for å få fram skilnadane mellom ulike alternativ.



Seniorrådgjevar **Jostein Danielsen** har bakgrunn som pedagog og mangeårig rektor i grunnskulen. Han har mastergrad i leiing frå NHH. Danielsen har mykje erfaring frå skuleutviklingsarbeid på både skulenivå og kommunalt nivå. Frå 2019 har Danielsen jobba med ulike utgreiings- og utviklingsoppdrag innan skulesektoren i ulike kommunar og skuleslag over heile landet. Han har lang og variert erfaring frå brukarprosessar i tidlegfase i ulike skuleprosjekt, i samband med skulebruksplanar, moglegheitsstudier og utvikling av rom- og funksjonsprogram. Han har god innsikt til skuledrift og organisering, og hjelper kommunar og skular med skuleutvikling, leiarutvikling og strategiar for samanslåingsprosessar.

## Mobilitet, sambruk og stadutvikling



**Jon Eric Westerlund** har utdanning som sivilingeniør frå NTNU Trondheim med spesialisering innanfor veg. Fleire hovudfag vart valde med fokus på trafikk inkludert masteroppgåve for Statens vegvesen 2019 som omhandla problem for tungtrafikk i motbakke. Han har prosjekteringserfaring innan trafikkanalysar som omhandlar bl.a. kapasitetsberekningar, framskriving av trafikk, dimensjonering av anlegg for intern trafikk og parkering mm. Han har utført fleire oppdrag for skular, idrettsanlegg, offentlege bygg og private boligfelt gjennom alle prosjekteringsfasenr. Gjennom sitt arbeid har han vist stort engasjement og evne til å løyse oppgåver på kryss av fagfelt



Arealplanleggjar **Cornelis Erstad** er tilbudd som ressurs for by- og tettstadsutvikling, samt fagansvarleg for ev. opsjon på detaljregulering. Erstad er utdanna master i by- og regionplanlegging frå NTNU og har vore tilsett som oppdragsleiar og arealplanleggjar hjå Norconsult frå 2019. Han har frå før har 5,5 år erfaring frå Sogndal kommune både som medarbeidar og einingsleiar. Han har god kjennskap til og erfaring frå plan- og utviklingsarbeid på alle nivå i planhierarkiet, inkl. mogelegheitsstudiar og offentleg sakshandsaming. Cornelis har mellom anna vore oppdragsleiar og forfattar av mogelegheitsstudie for Heggnes og Tingvang, denne studien omfatta også overordna lokalitetsanalyse for ny barnehage. Han har vidare vore oppdragsleiar og forfattar av alternativsvurdering for natur- og friluftsbarnhage i Gaupne, fleire ulike detaljreguleringsplanar, inkl. områdeplanar i Sogndal sentrum.

I høve sambruk og stadutvikling vil fleire i arkitekt-teamet over nyttast til dette. Alle har erfaring i høve sambrukstema og stadutvikling knytt til fysiske utbyggingsprosjekt. Sambruk og fleirbruk er eit tema skuleplanleggjarane drøfter i alle prosjekt knytt til tidleg-fase planlegging av skuleanlegg.

# Team miljø- livssyklus kostnader, klimagassutslepp, energi ressursbruk



**Jan Sølve Haugen** (RIV) har 15 års erfaring i Caverion som entreprenør og prosjekterende for VVS tekniske anlegg. Hadde ulike leiarposisjonar i selskapet som avdelingsleiar Sogndal samt Kvalitetsjef prosjekt i distrikt. 8 års erfaring i Norconsult 2014- no som VVS ing og teamleder VVS/elektro Sogn og Fjordane..  
Tilleggsutdanning innan energirådgiving og energimerking. Sertifisert energirådgivar. Av større prosjekt med kompleksitet : PRO for VVS tekniske installasjonar og energiløysingar for Høgskulen / Bragebygget Sogndal, (Veidekke) PRO for VVS tekniske og tekniske energiløysingar for leilegheitsprosjekt Lerum brygge.(Veidekke) Tilsvarande for Quality Sogndal hotell der Hent var utbygger. Han har mykje erfaring med tilstandskartleggingar og tilstandsanalysar av skuleanlegg rundtom i Sogn.



**Arne Moen** (RIB) er avdelingsleiar på Bygg- og eigedomsavdelinga i Sogndal med prosjektering av betong, tre og stålkonstruksjonar som hovudfelt. Han har delteke i ei rad med prosjekt i fylket og er mykje nytta av dei store industriaktørane i Sogn. Han arbeidar også saman med skuleplanleggjarane om forstudien for Farnes skule i Årdal – som er samanliknbar med dette prosjektet (pågåande). Her er han med på kvalitetssikring av ulike tema innan tilstandsanalyse og kostnadsberekningar. Ma. av å nytte varmt spillvatn som oppvarming i Farnes skule.




**Bjørnar Øyri** (RIE) er ingeniør innan elkraft ved Norconsult sitt kontor i Sogndal. Han har 6 års erfaring på kontoret, og har gjennom den tiden deltatt mange i små og store prosjekter.

Han har bred erfaring fra tilstandsbefaring på skoler, barnehager, helsebygg og vernede bygg. Øyri har god faglig kunnskap innen flere typer forskjellige prosjekteringsoppdrag som f.eks. samferdsel elektro, HS/LS/fiber infrastruktur, boligbygg og næringsbygg.

# Føresetnader for studien

- ▶ **Samanhengande** bygningsmasse / samla byggfunksjon inkl. løysing for kroppsøving / fysisk aktivitet
  - ▶ Sikre overgangar og miljøskifte
- ▶ Uteareal i samsvar med rettleiar Miljø og helse **100 mål**
- ▶ Byggteknisk gjennomgang av «gamlebygget»
  - ▶ Føresetnad i «skulerapporten var riving 😊 og nybygg (økonomi og miljøbelastning)
- ▶ Trafikk- og mobilitetsløysing
  - ▶ **Hjartesone** – hindre blanding av harde og mjuke trafikantar – styre og redusere trafikk
- ▶ Dimensjonering **K300**
- ▶ **Kroppsøvingfunksjonen**
- ▶ Framdrift: Oppstart 08. sept – Leveranse **01. nov**



# Tre faser

- ▶ 1. Oppstarts- og kartleggingsfase
  - ▶ 2. Silingsfase
  - ▶ 3. Skisse- og rapportfase
- ▶ **OPPSTARTS- OG KARTLEGGINGSFASEN**
    - ▶ Utarbeiding av romprogram med medverknadsprosess / Programmering
      - ▶ Barneskolen 1-6 og ungdomsskolen 7-10
        - ▶ Skuleeigar, Pedagogane, Elevane, Foreldra og Nærmiljø
      - ▶ Økonomi og miljøbelastning – vurderingar knytt til evt. bruk av «gamlebygget» / naturverdiar på tomta, transportløysing/mobilitet,mv.
      - ▶ Pedagogikk – flyt og god organisering av trinn og funksjoner
        - ▶ Sikre overgangar og miljøskifte – korleis kan elevane vekse i bygget?
      - ▶ Fysisk og psykososialt miljø – trivsel, variert, hjertesone
      - ▶ Skulen som nærmiljøfunksjon – sosial møteplass – styrke skulen som samlingspunkt i bygda
        - ▶ Støttefunksjonar i tilbygget må erstattast – idrettslag og andre skal kunne nytte dei opne funksjonane i skulen til si verksemd – sikre kopling til idrettsanlegg utomhus (garderobar mv.)
        - ▶ Tema med skuleeigar – Gymsal (350) eller ein form for idrettshall?
    - ▶ Gjennomgang av program med funksjonskrav

# Silingsfasen

- ▶ Samanhengande bygningsmasse – tørrskodde forbindingar
- ▶ Tomtekvalitet
- ▶ Evt trafikkanalyse
- ▶ Bygningsanalyse
- ▶ Utarbeiding av moglege alternative løysingar – innpassing av omforent romprogram
- ▶ Kva funksjonar beheld vi i «gamlebygget» – kva skjer i eit evt tilbygg
- ▶ Korleis vert voluma lagt på tomta
- ▶ Korleis vert tomtekvalitetane utnytta
- ▶ Korleis skape gode situasjonar innomhus og utomhus
  - ▶ Trinnareal – SFO – Personalareal – Spesialrom – Fellesareal – Drift og renhold
  - ▶ Kjøremønster – Parkering – Uteområde til elever – variasjon – soner – tomtekvaliteter
- ▶ Løypemeldingar til skuleeigar og politisk nivå

# Skisseprosjekt og rapportfase

- ▶ Tilrådd utbyggingsløsning
  - ▶ Meir detaljerte teikningar
  - ▶ Syne samanheng mellom bygg, uterom og omgjevnader
  - ▶ Rapport
  - ▶ Økonomi – investering og drift
- ▶ Presentasjon av studien – skuleeigar og politisk nivå



Norconsult 

**Hver dag forbedrer vi hverdagen**